NORDHORDLANDS pakken

# PROTOKOLL
## Generalforsamling Nordhordlandspakken AS 24. juni 2016

**Stad:** Hordaland fylkeskommune
**Tid:** Fredag 24. juni 2016 kl. 09:00 – 10:30
**Møte** 1-2016

**Til stades:** Pål Kårbø (styreleiar og representant frå Hordaland fylkeskommune), Marit Sørstrøm (Bergen kommune), Rune Heradstveit (Nordhordland Utviklingsselskap IKS).

Referent Rune Heradstveit (dagleg leiar Nordhordland Utviklingsselskap IKS)

| Saksnr. | Sak |
|---|---|
| 1/16 | **Godkjenning av aksjar og fullmaktar**<br><br>**Vedtak:**<br>Generalforsamlinga godkjenner dei framlagte fullmaktene. Av selskapet sin aksjekapital er 100 % av aksjane representert. |
| 2/16 | **Godkjenning av innkallinga til generalforsamling.**<br><br>**Vedtak:**<br>Generalforsamlinga godkjenner innkallinga. |
| 3/16 | **Val av møteleiar.**<br><br>**Vedtak:**<br>Styreleiar Pål Kårbø vart valt til møteleiar. |
| 4/16 | **Val av deltakarar til å underskrive protokoll frå møtet.**<br><br>**Vedtak:**<br>I tillegg til møteleiar vart Marit Sørstrøm valt til å skriva under protokoll. |
| 5/16 | **Godkjenning av årsrekneskapen for 2015**<br>Det vart i møtet ei utdjuping av note 2 der godtgjersle som styreleiar på kr 40 000 er tatt med både i summen for dagleg leiar og i styrehonorar, og det er ikkje utbetalt lønn til nokon andre.<br><br>**Vedtak:**<br>Generalforsamlinga vedtek framlagt rekneskap 2015 for Nordhordlandspakken AS. Årets overskot, kr 113 513 vert ført mot annan eigenkapital/udekka tap.<br><br>Generalforsamling konstanterte at bokført eigenkapital er tapt og det var vist til styret si beretning. |

MS P.K

| | |
|---|---|
| 6/16 | **Årsberetning frå styret 2015**<br><br>**Vedtak:**<br>Generalforsamlinga godkjenner framlagt årsberetning 2015 for Nordhordlandspakken AS. |
| 7/16 | **Revisors beretning for 2015**<br><br>**Vedtak:**<br>Generalforsamlinga tek revisor sin beretning til etterretning. |
| 8/16 | **Fastsette godtgjersle til styre**<br><br>**Vedtak:**<br>Som styrehonorar for perioden mellom GF 2015 og GF 2016 vedtek generalforsamlinga følgjande honorar. Dette vart i vedtatt budsjett for 2016 justert ned i forhold til tidlegare år.<br><br>▪ Leiar kr. 25 000<br>▪ Nestleiar kr. 15 000<br>▪ Styremedlem kr. 10 000<br>▪ Varamedlem kr. 1 500 pr. møte<br><br>Godtgjersle vert utbetalt som ein eingongssum og avløysar innsending av reiserekningar, krav om møtegodtgjersle og godtgjersle for tapt inntekt. Fullt styrehonorar føresett at ein har delteke på minst halvparten av styremøta, medan deltaking på færre enn dette gjev halvt honorar. |
| 9/16 | **Fastsette godtgjersle til revisor**<br><br>**Vedtak:**<br>Revisor vert godtgjort i samsvar med faktura frå revisor Helge Frosta. |
| 10/16 | **Val av styre**<br>I valnemndsarbeidet har Rune Heradstveit hatt tett dialog med Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.<br>Fylgjande innstilling til medlemmer / varamedlemmer føreligg:<br><br>Jon Askeland — Vara: Øyvind Oddekalv — 2016 - 2018<br>Michelle Williams — Vara: Lasse Ståløy — 2016 - 2018<br>Leidulv Brunborg — Vara: Per Lerøy — 2016 - 2017<br>May Eva Sandvik — Vara: Kari Utkilen — 2016 - 2017<br>Ingmar Ljones — Vara: — 2016 - 2018<br><br>Generalforsamlinga fylgde innstillinga slik at nytt styre er:<br><br>Jon Askeland — Vara: Øivind Oddekalv — 2016 - 2018<br>Michelle Williams — Vara: Lasse Ståløy — 2016 - 2018<br>Leidulv Brunborg — Vara: Per Lerøy — 2016 - 2017<br>May Eva Sandvik — Vara: Kari Utkilen — 2016 - 2017<br>Ingmar Ljones — Vara: — 2016 - 2018<br><br>Generalforsamlinga vel Jon Askeland som styreleiar. |

Mo P.K

| | |
|---|---|
| | Det vert konstatert at Bergen kommune ikkje har fremja forslag om personleg varamedlem. Generalforsamlinga tar dette til etterretning. Generalforsamlinga ber samstundes styret førebu ei vedtaksendring til neste generalforsamling der ein går bort i frå personleg vara til oppnemning av felles liste med varamedlem. |
| **11/16** | **Val av valnemnd**<br>Generalforsamlinga vel Håkon Matre (styreleiar Nordhordland Utviklingsselskap IKS) som leiar, Roald Kvamme (leiar av valnemna Hordaland fylkeskommune) og Dag Inge Ulstein (byråd for finans eigedom og eigarskap, Bergen kommune) til valnemnd for perioden 2016-2017. |

Bergen, 24. juni 2016

Pål Kårbø
Pål Kårbø

Marit Sørstrøm
Marit Sørstrøm

MS P.K